

Elevar og foreldre/føresette på Nærbø ungdomsskule

Dykkar ref.

Vår ref.

Arkivkode

Stad/Dato

Nærbø 08.06.2021

Informasjon om klagerett på standpunktkarakterar

Elevar som har avgangsfag med standpunktkarakterar, har rett til å klage på gitt karakter. Klagen må vera skriftleg, og signerast av eleven og foreldre/føresette. Det må gå fram kva eleven klagar på, og klagen bør innehalde relevant informasjon og årsaken som ligg til grunn for klagen.

Elevane på 10. trinn får standpunktkarakterane 9. juni. Det er 10 dagars klagefrist, så siste frist for klage er 18. juni. Orden og åtferd på 10.trinn blir sett 21.juni.

Elevane på 8. og 9. trinn får standpunktkarakterane 19. juni, med klagefrist 28. juni.

Klagar levert seinare enn fristen vil ikkje verte behandla. Klagar motteke frå avgangselevar på 10.trinn vil verte behandla fortløpande. Klagar motteke frå elevar på 8. og 9.trinn vil bli behandla når skolen startar opp i august.

For meir informasjon, sjå her:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktkarakterer-i-fag/1.-hva-kan-eleven-eller-foreldrene-klage-pa/>

Oversikt over når standpunktkarakterar vert gitt på Nærbø ungdomsskule:

8. trinn: Valfag (dersom same valfag IKKJE vert velt på nytt i 9. eller 10. klasse)

9.trinn: Kunst og handverk, Musikk og Valfag (dersom same valfag IKKJE vert velt på nytt i 10. klasse)

10.trinn: Alle fag

Dette til informasjon!

Med helsing

Linda Hadland Forsmo
rektor

Postadresse:
Torlandsvegen 2
4365 Nærbø

Kontoradresse:
Torlandsvegen 2
4365 Nærbø

Internett:
www.ha.no/nus
post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no

Telefon:
51 43 60 30

Org.nr.
964969590